

Fra: Politisk (Politisk@vlfk.no)

Sendt: 19.01.2021 07:25:03

Til: Petter Lem Gullestad

Kopi:

Emne: VS: Innspel frå SV til punkt 8.1.4 Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

Vedlegg:

Fra: Marthe Hammer

Sendt: mandag 18. januar 2021 20:08

Til: Politisk <Politisk@vlfk.no>

Kopi: Frøydis Olaussen (froydis.olaussen@sv.no) <froydis.olaussen@sv.no>

Emne: Innspel frå SV til punkt 8.1.4 Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

Hei

Innspel frå SV til Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

Tillegg til punkt 8.1.4 under fylkesutvalsmedlem:

8. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

8.1 Faste godtgjersler

Punkt 8.1.4 Godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvaldsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50% av berekningsgrunnlaget. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem innebar at ein og sit i hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal og dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemene får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlagt for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ytterligare godtgjersle på 5% av grunnlaget, **resterande 5% av nestleiar godtgjersla vert overført til partigruppa.**

Grunngjeving:

Ordinær sats for nestleiar er 10%, men denne klausulen gjer at viss nestleiar også sit i hovudutvalet, så vert godtgjersla berre 5%. Det synes SV er ei ok regel, og at det er eit viktig prinsipp at ein ikkje vert lønsleiar berre fordi ein vert nestleiar, men SV hadde lagt til grunn at ein fekk resterande prosent utbetalt til partiet, på same vis som at dette er ein praksis under punktet om gruppeleiarane. Der står det at «Dersom fylkesvaraordføreren er gruppeleiar, vert gruppeleiar godtgjersla overført til partigruppa». Same prinsipp bør leggest til grunn om nestleiar også sit i fylkesutvalet, slik at resterande 5% av nestleiar godtgjeringa verte overført til partigruppa når nestleiar også sit i fylkesutvalet.

I tillegg kan ein argumentere for at dagens formulering faktisk opnar for at ein nestleiar som også sit i hovudutval skal få «ytterligare 5% godtgjersle av grunnlaget», altså i tillegg til dei 10% som står oppført i punkt 8.14 Regulativ for godtgjersle og vederlag for folkevalde, kor det står 10%, altså 15%. Slik det står no er formuleringa er uklar, ikkje i samsvar med punkt 8.14 Faste godtgjersle og ikkje i samsvar med praksis for gruppeleiar tilskot i dei tilfeller der fylkesvaraordfører er gruppeleiar.

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203

